



Statens vegvesen

Osterøy kommune

5282 LONEVÅG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Lars Ottar Sagstad / 55516434

Vår referanse:
18/124131-2

Dykkar referanse:
14/833 – 18/11452

Vår dato:
21.06.2018

Klage på vedtak om dispensasjon for planering av naustområde og etablering av kaifront – gnr. 87 bnr. 1 Hoshovde, Osterøy kommune

Vi viser til melding om vedtak i overnevnte sak, mottatt ved SVV den 01.06.2018

Saka gjeld

Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå plankrav i reguleringsplan for planering av naustområde, bygging av kaifront og oppføring av 5 naust på gnr. 87 bnr. 1, Hoshovde

Plankravet følger av føresegnene pkt. 2.3:

- 2.3 Før behandling av byggeløyve, kan kommunen krevja utarbeidd detaljert plan på kotert kart for kvart felt eller husgruppe. Plan for utbygging skal vise avkjørsler, terrenghandsaming, plassering av bygg, leikeareal, interne vegar, garasjar, parkeringsanlegg m.v.
Ein slik plan med føresegner skal utarbeidast for alle felt med blanda føremål.

I planføresegnene må prosent tomteutnytting (%TU) takast med. Definisjon i teknisk forskrift til plan- og bygningslova: "Prosent tomteutnyttelse angir forholdet mellom tillatt bruksareal etter §3-5 og tomtearealet. Tomteutnyttelse skrives %TU=00%."

Saksgang.

Statens vegvesen mottok den 02.02.2018 dispensasjonssøknad til uttale. Av oversendingsbrevet frå Osterøy kommune gjekk det fram at søknaden gjaldt dispensasjon frå planføresegner, PlanID504-62, «Hosanger sentrum» for søknadspliktig tiltak i form av planering av naustområde og etablering av kaifront på gnr. 87 bnr. 1, Hoshovde.

Konkret vart det søkt dispensasjon frå kravet om utarbeidd detaljert plan for felt med blanda føremål, som følgjer av reguleringsføresegn § 2, punkt. 2.3.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø


Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Hosanger sentrum er definert som byggeområde – naustområde kontor. Sjøarealet er definert som offentlig trafikkområde – hamneområde i sjø

I vår høringsuttale dagsett 27.02.2018 stilte Statens vegvesen spørsmål kring status for avkøyringa til området og opplysningar om at Osterøy kommune allereie har gjeve løyve til bygging av tilkomstvegen til området.

Det vart vidare presisert at Statens vegvesen ikkje vil akseptere at det vert bygt ei avkøyrsløse med dårlegare standard enn det vedteken reguleringsplan syner, og det vart peikt på at tiltak i tilknytning til fylkesveganlegg heller ikkje kan setjast i gang utan at det ligg føre godkjent byggeplan/gjennomføringsavtale med Statens vegvesen.

Trafikksikkerhet

I reguleringsplan for Hosanger 26.09.2001 er det lagt inn fortau i rekkjefølgekrava som del av auka trafikksikkerhet for gåande. Det er ikkje tatt stilling til dette i dispensasjonssaken.



Lovgrunnlag og statlige planretningslinjer

I plan- og bygningsloven § 19-2 framgår det at det ved dispensasjon frå loven skal leggjast særlig vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelegheit. Vidare heter det at

det ved vurderinga av om det skal gis dispensasjon skal statlige og regionale rammer og mål tilleggas særlig vekt og at kommunen ikkje bør dispensere frå planer når ein direkte berørt statleg eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden. Hensyn til barn og unge sine oppvekstvilkår er fremhevet i lovens formålsparagraf.

Av statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging går det fram at «*Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafiksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. (Vår understrekning).*

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettsteder, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. I henhold til klimaforliket er det et mål at veksten i persontransporten i storbyområdene skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange. Planleggingen skal legge til rette for tilstrekkelig boligbygging i områder med press på boligmarkedet, med vekt på gode regionale løsninger på tvers av kommunegrensene.»

Kommunen sin grunngjeving for dispensasjon

Osterøy kommune grunngjev sitt vedtak på følgjande måte:

«Området vart ved utbetring av fylkesveg særskjært, og tiltaket vil vera med å forskjone området vesentleg. Oppføring av naust i klynge fylgjer opp vilkåra som er gitt i sjø- og strandsoneplanen. Tiltaket vil føra til betre tilgang til strandsona i eit område som i dag er utilgjengeleg for ålmenta»

Våre merknadar til saka

Statens vegvesen meiner at Osterøy kommune sin handsaming av dispensasjons-saka ber preg av manglande heilheitleg vurdering. Ut over å visa til at tiltaket vil forskjone området og betre tilgangen for allmennheten kan vi ikkje så at kommunen svarer på vegvesenet sitt spørsmål kring trafiksikkerheit og utforming/opparbeiding av avkøyrse.

Trafiksikkerheit er ein av fleire ting kravet om detaljplan jfr. føresegna pkt. 2.3 skal ivareta. Isolert sett har vi ikkje vesentlege innvendingar til at området byggast ut utan reguleringsplan. Men et dispensasjonsvedtak må bygge på ein heilheitleg vurdering. Det kan vi ikkje sjå er blitt gjort. Spesielt gjeldt dette at forhold vedrørande trafiksikkerheit ikkje er omtalt og det er heller ikkje nemnt korleis dette skal ivaretakast i påfølgande byggesak.

Reguleringsplanen for Refsneset er handteikna og vedtatt i 2003. Plankartet gir på ingen måte grunnlag for å starte opparbeiding av avkøyrsepunktet frå fylkesveg. Avkøyrse ligg i ei 80-sone og det må dokumenterast at det er mogleg å oppfylla tekniske krav jfr. handbok N100.

80-sone – tekniske krav



Fv. 567, hp6, km 4,440

Konklusjon

Med bakgrunn i merknadane over, klager Statens vegvesen på Osterøy kommune sitt vedtak om dispensasjon.

Vegavdeling Hordaland

Med helsing

Grethe Vikane
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
seksjonsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.